

Anbudsgrunnlag traktor med kantklyppar

ANBODSGRUNNLAG

Traktor med kantklyppar



Meland kommune

Tilbudsfrist: 9.mars 2015, kl 14:00

Innholdsforteikning

1. Oppdraget	3
1.1 Oppdragsgjevar	3
1.2 Kunngjering /annonsering	3
1.3 Anskaffinga sitt formål og omfang	3
1.4 Leveringstid.....	3
2. Prosedyre og reglar for konkurransen	3
2.1 Prosedyre	3
2.2 Tidsplan for anskaffinga.....	4
2.3 Deltilbod.....	4
2.4 Kostnad med deltaking i konkurransen	4
2.5 Språk.....	4
3. Krav til leverandøren sine kvalifikasjonar	4
3.1 Generelt om krava	4
3.2 Dokumentasjon.....	4
4. Krav til leveransen	6
4.1 Andre krav.....	6
5. Tildelingskriterier.....	6
5.1 Generelt om tildelingskriterier	6
5.2 Hovedkriteriet for val av leverandørar i denne konkurransen.....	7
6. Krav til tilbodet sin form og innlevering.....	7
6.1 Generelt om tilbodet.....	7
6.2 Komplettiltildet skal bestå av følgjande dokumenter	7
6.3 Tilbodet sin form	8
6.4 Tilbodsfrist	8
6.5 Leveringsadresse (kontoradresse)	8
6.6 Postadresse	9
6.7 Tilbodsåpning.....	9
6.8 Tilbodets vedståelsesfrist	9
6.9 Atterhald.....	9
7. Viktig praktisk informasjon	9
7.1 Tilbodskonferanse	9
7.2 Informasjon om korrigering av utlysninga og konkurransegrunnlaget.....	9

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Tilbudsbrev

Vedlegg 2 - Prisskjema

1. Oppdraget

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Meland kommune ved avdeling for eigedom, anlegg og beredskap. Meland kommune ligg like nord for Bergen, med ei reisetid på knapt ein halvtime frå Bergen sentrum.

1.2 Kunngjering /annonsering

Konkurransen er utlyst i DOFFIN (www.doffin.no).

1.3 Anskaffinga sitt formål og omfang

Meland kommune skal gå til anskaffing av ein ny traktor som skal brukast til vegvedlikehald, kantklypping, brøyting og strøing. Traktoren skal ha kantklyppar. Nærare skildring og detaljar om traktoren er å finne i kap 4.

Opsjon

Meland kommune ønskjer som opsjon å avhende ein av våre traktorar og ber om tilbod på innbyte av denne. Spesifikasjonar på traktoren:

New Holland 115 TS, 2001 mod.

Gått ca 3000 timar.

Brøyteplate

Ekstra lys.

Taksering av traktoren kan gjennomførast etter avtale med avdelingsleiar Jens Dahl

Tlf: 56171175

E-postadresse: Jens.Dahl@meland.kommune.no

1.4 Leveringstid

Leveringstid er ein del av tildelingskriteria

2. Prosedyre og reglar for konkurransen

2.1 Prosedyre

Konkurransen skjer i henhald til lov om offentlige anskaffelser av 16. juli 1999 nr. 69 og forskrift om offentlige anskaffelser av 7. april 2006 nr. 402. Konkurransen vert gjennomført som ein open anbuds konkurranse etter forskriftens del I og II. Ved denne prosedyreforma kan alle interesserte leverandørar levere tilbod.

2.2 Tidsplan for anskaffinga

Anskaffinga er planlagt gjennomført etter følgjande framdriftsplan:

Aktivitet	Dato
Kunngjering i Doffin	09.02.2015
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget	02.03.2015
Tilbudsfrist	09.03.2015 kl. 14:00
Kontraktstildeling	Veke 12
Kontraktsignering	10 dagar etter tildeling

2.3 Deltilbod

Det er ikkje adgang til å gi tilbod på delar av leveransen.

2.4 Kostnad med deltaking i konkurransen

Leverandør må sjølv bære alle utgifter til deltaking i konkurransen.

2.5 Språk

Tilbudet skal utformast på norsk.

3. Krav til leverandøren sine kvalifikasjonar

3.1 Generelt om krava

Kvalifikasjonskrav er minimumskrav som er knytt til om leverandøren er eigna til å levere den aktuelle leveransen. Føremålet med å stille kvalifikasjonskrav er å sikre at leverandøren teknisk, organisatorisk, økonomisk og finansielt har det nødvendige grunnlaget for å gjennomføre kontrakta. Alle krav må oppfyllest for at leverandøren skal bli kvalifisert.

3.2 Dokumentasjon

Leverandøren må dokumentere at krava under er oppfylt gjennom innlevering av den dokumentasjon som er angitt under det enkelte krav. Dokumentasjon skal leverast saman med tilbudet. Det kan leverast kopi av attester og sertifikater, men originaldokumentet må kunne forevisast etter anmodning frå oppdragsgjevar.

Anbudsgrunnlag traktor med kantklyppar

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Obligatoriske krav	
Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	<p>Skatteattester ikkje eldre enn 6 måneder rekna frå anmodningsfristen. Med skatteattester meinast:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skjema frå skattedirektoratet (RF-1244) for meirverdiavgift utstedt av skattekontoret. • Skjema frå skattedirektoratet (RF-1244) for skatt og arbeidsgjevaravgift utstedt av skatteoppkreverkontoret.
For arbeid som skal utførast i Norge skal leverandøren oppfylle norske HMS-krav.	<ul style="list-style-type: none"> • Utfylt og signert HMS-eigenerklæring.
Krav til organisatorisk og juridisk stilling	
Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak.	<p>Norske leverandørar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Firmaattest.
Krav til økonomisk og finansiell stilling	
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg finansiell styrke til å kunne oppfylle kontrakta	<ul style="list-style-type: none"> • Leverandøren sitt årsregnskap inkludert noter med styre- og revisjonsberetning frå dei to siste åra.
Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar	
Leverandøren skal ha erfaring frå tilsvarande leveransar	<ul style="list-style-type: none"> • Det skal leggast ved ei liste som viser dei viktigaste relevante leveransane dei siste 3 åra med namn på mottakar
Leverandøren skal ha eit velfungerande kvalitetssikringssystem	<ul style="list-style-type: none"> • Kort skildring av leverandørens kvalitetssikringssystem
Det vert kravd eit veletablert service- og vedlikehaldsapparat i Noreg	<ul style="list-style-type: none"> • Organisasjonskart over leverandørens service- og vedlikehaldsapparat

Merk: Dersom leverandøren støtter seg på andre foretak skal det vedleggast tilsvarande dokumentasjon frå desse føretaka, samt forpliktelseserklæring

4. Krav til leveransen

Følgjande tekniske krav er satt til leveransen:

Krava skal oppfyllest. Er ikkje krava oppfylt kan det føre til avvisning av tilbodet.

Spesifikasjon	Oppfylt ja/nei
Minimum 150 HK	
Industridekk	
Dobbelt sett dekk. Et av setta skal vere pigg dekk.	
4 stk. hydraulikkuttak i front + straum.	
Tellefsdal eller tilsvarende brøytefeste med løftesyliner.	
8 stk hydraulikkuttak bak.	
Brøytelys på bøyle. Nær og fjernlys.	
Varsellysbjelke på tak.	
Hydraulisk løftestag på trepunkt høyre side.	
Utvendig betjening av trepunkt.	
Hydraulisk tilhengarbrems.	
Trinnløs girkasse.	
Avstivbar foraksling for kantklipper.	
Hydraulisk toppstag og H.M.V. hurtigkopling.	
Radio med cd – spillar.	

I tilbodet skal det vera med eit slott aggregat, ferdig montert framme på traktoren av type MFK 500 levert av Tellefsdal eller tilsvarende. Dersom det det vert lagt alternativt slått aggregat inn i pristilbodet, skal det ha same spesifikasjonar som MFK 500.

4.1 Andre krav

Det skal oppgjevast kor lang garantitid det er på traktoren

5. Tildelingskriterier

5.1 Generelt om tildelingskriterier

Tildelingskriterier er de kriterier som oppdragsgjevar skal legge vekt på ved val av tilbod. Ei samla vurdering av tildelingskriteria vil avgjere kven av dei kvalifiserte tilbyderane som blir tildelt kontrakt.

5.2 Hovedkriteriet for val av leverandørar i denne konkurransen

I denne konkurransen har oppdragsgjevar valt følgjande hovedkriterium for val av leverandør:

Det økonomisk mest fordelaktige tilbudet for oppdragsgjevar

Alle dei kriterier som framgår under skal vektleggast i vurdering av det økonomisk mest fordelaktige tilbudet. Vektinga av kriteria er angitt i følgjande tabell:

TILDELINGSKRITERIE	DOKUMENTASJON	VEKT %
Pris	<ul style="list-style-type: none"> • Pris på traktor Pris skal inkludere alle kostnader knytt til levering av traktor. Levering skal skje på driftstasjonen på Melandskaret	60 %
Miljøeigenskapar	<ul style="list-style-type: none"> • Skildring av traktorens miljøeigenskapar: <ul style="list-style-type: none"> - Utvendig støy (målingar i dB) - Drivstofforbruk (EUROKLASSE og liter/time ved tomgang og normalbelastning) 	10 %
Leveringstid	<ul style="list-style-type: none"> • Tid frå kontraktssignering til levering av traktor. (Kontraktssignering er planlagt i veke 13) 	30 %

6. Krav til tilbudet sin form og innlevering

6.1 Generelt om tilbudet

Tilbudet skal innbindast (perm) og leverast i 1 eksemplar på papir samt i elektronisk versjon (USB), samt 1 elektronisk versjon av sladda tilbod som kan leverast ut ved spørsmål om innsyn. Elektronisk versjon skal vere i PDF-format eller tilsvarande. Papirversjonen har forrang framfor den elektroniske versjonen i tilfelle avvik og/eller motstrid.

6.2 Komplette tilbud skal bestå av følgjande dokumenter

6.2.1 Tilbudsbrief

- Tilbudsbrief, må innleverast fullstendig utfylt, samt datert og underteikna av person med fullmakt til å binde leverandøren.

Anbudsgrunnlag traktor med kantklyppar

- Nøyaktig og fullstendig skildring av alle avvik og atterhald i forhold til anbudsgrunnlaget sine bestemningar. Vesentlege atterhald eller vesentlege avvik vil føre til avvisning. Det vert gjort merksam på at også ikkje vesentlege atterhald eller avvik kan føre til at oppdragsgjevar avviser tilbodet, jf forskrift om offentlige anskaffelser.

6.2.2 Tilbudsdocumentene

Tilbodet skal returnerast i følgjande rekkefølge:

1. Tilbudsbrief, jf. pkt 7.2.1.
2. Kvalifikasjonsdocumenter.
 - a. Skatteattester.
 - b. HMS-eigenerklæring.
 - c. Firmaattest
 - d. Årsregnskap inkludert noter med styre- og revisjonsberetning frå dei to siste åra.
 - e. Referanseliste for føretak
 - f. Skildring av kvalitetsstyring
 - g. Organisasjonskart over leverandørens service- og vedlikehaldsapparat
3. Dokumentasjon knytt til tildelingskriterier.
 - a. Utfylt prisskjema
 - b. Skildring av traktoren sine miljøeigenskapar
 - c. Leveringstid

Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkter i tilbodet vert besvart og dokument.

6.3 Tilbodet sin form

Ved innlevering skal tilbodet være i lukka nøytral konvolutt/pakke som skal vere merka med:

Tilbod traktor med kantklyppar

Att: Jens Dahl

6.4 Tilbodsfrist

Frist for å levere inn tilbod er satt til:

09. mars 2015, kl. 14:00.

Tilbodet må vere oppdragsgjevar i hende på oppgitt leveringsadresse før utløpet av fristen.

6.5 Leveringsadresse (kontoradresse)

Meland kommune
Havnevegen 41
5918 Frekhaug

6.6 Postadresse

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

6.7 Tilbudsåpning

Det vil bli tilbudsopning den 09.mars 2015 kl 14.00.
Det vil ikkje bli holdt offentlig tilbudsopning.

6.8 Tilbodets vedståelsesfrist

Tilbudet er bindande for leverandør inntil 90 dager etter tilbudsfristen sitt utløp.

6.9 Atterhald

Det vert tatt atterhald om godkjent finansiering.

7. Viktig praktisk informasjon

7.1 Tilbudskonferanse

Det blir ikkje heldt tilbudskonferanse.

7.2 Informasjon om korrigering av utlysninga og konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevar vil nytte www.doffin.no for å administrere konkurransen fram til innlevering av tilbud. Dette kan for eksempel gjelde korrigering av utlysninga og/eller konkurransegrunnlaget, herunder endring av tilbudsfrist, og svar på spørsmål fra leverandørane. Alle spørsmål må sendast skriftleg på e-post, og alle spørsmål og svar vil bli lagt ut på DOFFIN utan at identiteten til spørsmålsstillaren vert oppgitt.

Leverandørar som sjølv lastar ned konkurransegrunnlaget frå www.doffin.no, vil automatisk bli varsla om tilleggsinformasjon som leggest ut av oppdragsgjevar.

7.3 Kontaktperson hos oppdragsgjevar vedrørende anbudsgrunnlaget

Kontaktperson: Jens Dahl
E-postadresse: Jens.Dahl@meland.kommune.no